



Unge hjarteloddseljarar på SPAR: Frå venstre sit Jonathan Taranger (2. klasse), Marius Eidsvik (1. klasse) og Saima Døsland (2. klasse)

Elevrådet ved skulen har teke på seg salet av hjartelodd for helselaget også dette året og salet er godt igang. Lodda gjekk i dag glatt unna på SPAR der lærar Hilde Bringedal selde saman med 4 elevar frå første- og andreklasa..

- Vi prøver ein ny vri dette året. Tidlegare har vi sendt lodda heim med elevane, men no satsar vi på sal her og ute i bygda, fortalde Hilde til uskedalen.no.

Det er også i år 500 lodd som er overlatt til skulen og ettersom dei gjekk unna i fjor og har gjort det før er det liten grunn til å tru at resultatet blir dårlegare i år. Salsverden er i alle fall til stades.

Prisen er 30 kroner pr. lodd og av summen går 65 prosent til hjarteforskning og 35 prosent til skulen. Det skulle bli meir enn 5.000 kroner til skulen og pengane har tidlegare i vesentleg grad gått til vidare opprusting av det flotte uteanlegget. Slik blir det nok også i år, antar Hilde.

Leiar i helselaget Selma Eik er som før imponert over innsatsen til skulen for ein god sak

Tekst og foto: Ola Matti Mathisen



Loddkjøpar Aslaug Lyse og helsagleiar Selma Eik med to unge loddseljarar - Sander A. Eikenes (1. klasse) og Marius Eidsvik (1. klasse)